



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr1

Påske 2020

77. årgang



Sandnes kyrkje Åraksbø i vinterdrakt. Foto: Knut Olav Upstad

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2–3
Ein prostidiakon av Guds nåde .....	s. 3–4
Årsrapport Bygland og Årdal sokn .....	s. 5–6
Deg være ære .....	s. 7
Sprell levende gudsteneste, dåp i Sandnes kyrkje .....	s. 8
Fasteaksjonen .....	s. 9
Gudstjenesteliste, ætt skal fylgja ættarrad, countrygospelkonsert med «High Road» ...	s. 10
Kontaktinformasjon, to gode opplevingar, friluftsmesse og påska i ord og tonar ....	s. 11
Vintermorgon over Dalebukta .....	s. 12

# Vår Gud han er så fast ei borg

## Andakt ved sokneprest Kjell Steinbru

Eg vil starte denne andakten med eit sitat frå ein av dei gamle greske filosofane. Namnet hans er Heraklit. Han budde i den antikke byen Efesos som ligg i dagens Tyrkia.

Heraklit levde på 500 talet før Kristus. Han utvikla en filosofi som gjekk ut på at alt er i endring. Det latinske «Panta Rei» er hans mest kjende læresetning. «Alt flyter» tyder det på norsk.

Heraklit eksemplifiserte dette med å seie at ein kan ikkje to gonger stige ned i den same elva. Den er heile tida i endring. Det skjer heile tida noko med ei elv. Det vatnet som rant forbi i går er ikkje det same som renn forbi i dag. Ja, til og med fjella meinte han endra seg. Dette fann han ut lenge før vi i nyare tid har oppdaga at kontinentalplatene på vår vesle jord beveger seg heile tida. Alt er i endring, og også våre liv er i endring heile tida.

Det er jo noko vi opplever sterkt nettopp i desse dagar. Eit lite virus som er langt, langt mindre enn det vårt øye kan sjå, har snudd opp ned på kvardagen til dei fleste av oss. Ikkje berre her i vårt eige land, men snart vil heile verdas befolkning være råka av dette viruset. Eit virus som visstnok berre er eit par nanometer stort. Ein nanometer er 0.000000001 meter. Vi kan i alle fall ikkje sjå det. Vi berre veit det er der rundt omkring der kor menneske ferdast.

Det vi opplever i dag stadfester det Heraklit tenkte seg fram til for ca. 2500 år sidan. Og det minner oss om noko som vi den dag i dag kan erfare, nemlig at vi kan ikkje vite kva morgondagen vil bringe. Dette er ein bodskap som også Jesus gav oss: «Ver ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde» (Matteus 6,34).

I ein stor gyllen nisje i Vor Frue kirke i København står det ein skulptur som er laga av bilethoggaren Bertil Torvaldsen.

Vi har ein kopi av denne statuen i Austad kyrkje på Tveit i Bygland. Her står Jesus med opne armer og liksom seier det skriftordet som står i Matteus 11,28: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!»

I kyrkjeåret har vi no kome inn i fastetida. Moderne menneske forbinder vel oftast faste meir med ein diett, enn ei religiøs markering. Men for kyrkja er fasta påskas førebuingstid, på same måten som advent er jula si førebuingstid.

Det er ein farge for kvar tid i kyrkjeåret, og fasta sin farge er den lilla fargen. Den minner oss om at vi i fastetida med eit enklare liv, skal konsentrere oss om, og sjå fram imot, påska sin dramatiske, men også herlege bodskap.

I den vanskelege tida vi er blitt kasta inn i no, så er det mykje som er blitt snudd opp ned for mange menneske. Vi kan kjenne på angst og uro for kva framtida vil bringe. Framtidsutsiktene, på kort tid i alle fall, kan sjå dystre ut.

Dei fleste av oss har no på kort tid fått snudd liva sine opp ned. Nokon sit i karantene. Dei samfunnsinstitusjonane vi har rekna som sjølvsgatte er blitt stengt på kort varsel. Nokon har også mista sitt inntektsgrunnlag ved at arbeidsplassane ikkje finns meir. Det er for tida ingen etterspurnad etter dei varer og tenester den enkelte kunne tilby. Heldigvis har vi eit samfunn som sørger for at alle har noko å leve av. Og som sørger for at dei mest nødvendige funksjonane er intakt.

Paulus skriv i Romarbrevet at alle ting tener til det gode for dei som elsker Gud. (Rom 8,28). Dette er ikkje å forstå sånn at det som kjennes vondt og vanskeleg kan bli forvandla til noko godt. Men det tydar heller at ut av prøvingar og vanskelege ting kan det ofte også kome noko godt.

Lina Sandell har skrive salmen «Ingen

er så trygg på ferda». Dette er ei enkel lita salme som ho skreiv til bruk i sundagsskulen. Ho ønskte med denne salmen å gje borna ein trygggleik inn i ei utrygg verd. Lina var sjølv klår over at livet er ikkje så enkelt for nokon kvar av oss. Ho hadde sjølv ikkje noko lett liv. I salmen «Blott en dag», som også er frå hennar hand, så er det ei strofe som går som følgjer: «Hjålp mig, Herre, att vad helst mig händer, Taga ur din troгна fadershand». Hele sitt liv fann Lina Sandell kvile i dette at Herren var med ho i alt som skulle kome til å hende.

Det er ikkje alltid vi kan endre så mykje på det som hender. Noko må vi berre ta sånn som det kjem. Men det vi kan endre på, er vår måte å møte dette på. Kanskje dette kan være tida til å finne ro til å tenkje seg litt om. Prøve å finne fram til det som verkeleg er dei største verdiane vi vil ha med oss i våre liv. Kva er det eigentleg som verkeleg betyr noko i det lange løp?

Cornelis Vreeswijk har skrive teksten til songen: Ein Fattig Trubadur. I refrenget er det der ei sanning som vi alle burde ta inn over oss: «Du behöver inga penningar när du vid porten står. Och du kan ingenting ta med dig dit du går».

Jesus minna oss om at det er ikkje det en eig, som gjer liv, sjølv om ein har overflod (Lukas 12,15). Overflod var likevel noko som Jesus ville gje oss. Men det var ein annan overflod han vil at vi skal ha med oss i liva våre: -Eg er komen for at de skal ha liv og overflod, sa han. Men da mente han ikkje ein materiell overflod, men ein indre rikdom som vi skal ha med oss i våre liv når vi har Jesus med oss på vår livsvandring.

I ei tid der vi opplever at alt flyt, så er det godt å kunne lene seg til noko som står seg gjennom alle tider. Som står fast som ei klippe.

Det var slik Kong David kjente det da det storma som verst rundt han: Han

# Ein prostidiakon av Guds nåde!

Tekst og foto: Olav Nilsen

Ein fager mars-dag tek eg turen ned til Per Emanuelen i "Krigen" på Strai.

Ja, for så heiter det i det koselege nabolaget vår kjære prostidiakon har sett bu saman med Venneslajenta Aud Marit, som han har vore gift med sidan 1977.

Sjølv vaks han opp i Bertesbukta på Lund i ein Frikyrkje-familie som tidlig tok han med på gudstenester og møter. Han er både døypt og konfirmert i Kristiansand Frikirke, og både sønene på 35 og 33 år er døypte av den kjende frikyrkjepastoren og sjukehuspresten Sverre Jølstad.

Per vart fødd onsdag 16.mai 1951, og gret nok som alle andre ein liten skvett då han tok verda i augesyn for første gong. 17.mai-feiringa dagen derpå vart vonaleg en god dag, og for den vesle krabaten som nett hadde kome til, og kjenner me foreldra hans rett sette vesle Per i høgste grad ein ekstra spiss på nasjonaldagen!

Då han hadde gjort ferdig søndagsskulen, barneskulen og ungdomsskulen, byrja han på Latinlinja på Kristiansand Katedralskole.

Men etter å ha gått der eit år, ymta

klasseforstandaren frampå om Latin kan hende ikkje heilt var i unge Emanuelens gate.

Per var i aller høgste grad hjarteleg einig i dette, og tok difor som alle gode Frikyrkjeungdomar på den tida eitt år på Fredtun folkehøgskule i Stavern. Per Emanuelen var nett 50-årsjubilant der borte, og tykte mange av dei han gjekk saman med hadde eldest meir enn han. Og det kan ein forstå når mannen på snart 70 framleis har like mykje hår og skjegg som ein 20-åring.

Medan fleire etter det ein kjenner til fann på mange fantestrekar på Fredtun, vil ein tru at Per oppførte seg ganske eksemplarisk, sidan onkel hans, Tormod Hægeland, var rektor der på den tida.

Då Per kom heim att frå Fredtun, tok han Engelsk-linja med musikk på Oddernes gymnas, og med ein slik språkleg ballast er det ikkje rart at mannen har klart seg like godt anten han har vore busett i Oslo, Vegårshei, Vest-Telemark eller Otredal.

For då han hadde teke artium gjekk turen først til Diakonhjemmet i Oslo. Her tok han både sjukepleie og diakoni, og dermed vart han fortruleg med både

indre- og ytremedisin, noko som kan koma godt med når livskrisa råkar.

Ein ting er jo å setja nåla der ho skal, eller gje rett medisin, ein anna ting er å veta korleis ein skal ta sjølve mennesket med alle deira tankar og følelsar. Ein skulle tru Per Emanuelen har fått bruk for både delar både titt og ofte på si ferd gjennom livet.

Sin første fulltidsjobb som nyutdanna diakon og sjukepleiar fekk han på Vegårshei. Der hadde dei bygd ein flunkande ny sjukeheim, og trengte ein god og dugande leiar til å ta seg av denne livsviktige oppgåva. Dermed var Per, i ein alder av 26 år, styrar for Vegårshei alders-og sjukeheim.

Først skulle han godkjenna bygningsmassen. Så skulle han tilsetje alt naudsynt personale. Så skulle han kjøpe inn møbler og utstyr. Og til sist skulle han starte opp det heile. Inga lita oppgåve for ein ung mann!

-Det var der eg lærte å setja grenser, sier Per med ettetrykk. - Kvar fjortande dag var det personalmøte, og då sa eg til dei: "Sei frå no om de har noko å klage på!" Hvis det då vart heilt taust, men snakketøyet deretter gjekk for fullt, *forts. neste side.*

skriv i Salme 18 i Det gamle testamente «Herre, du min styrke, eg har deg kjær. Herren er mitt berg og mi borg og min utfriar, min Gud er fjellet der eg søker tilflukt. Han er mitt skjold og mi frelse, min styrke og mitt vern.».

I Hebrear brevet kapittel 13 kan vi lese om at Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.

Den kristne budskapet bretter ut ein himmel utover våre liv her på jorda. Ei æve. Kva ei æve er for noko, det er nesten umogeleg for oss menneske å skjønne. Vi lever i tida. Men når profeten Jesaja skal forklare oss kor høgt Gud

elskar oss, så skriv han som ein budskap direkte frå Herren sjølv: «Med evig kjærleik har eg elska deg».

Vår kyrkjefader Martin Luther hadde det meste av sitt liv og sitt virke i byen Wittenberg i Tyskland. Eg har vore og besøkt denne byen og sett kyrkja der han spikra opp dei 95 tesane på døra til slottskyrkja. Det var jo denne hendinga som utløyste reformasjonen på 1500-talet.

Rundt tårnet på denne slottskyrkja står det meisla inn den salmen som Luther er aller mest kjent for. «Ein feste Burg ist unser Gott» står det der høgt oppe

på tårnet. Det er ein budskap som står seg gjennom alle tider, og eg ønsker nå å avslutte denne andakten med denne salmen.

Vår Gud han er så fast ei borg, han er vår skjold og verja. Han hjelper oss i all den sorg og naud som vil oss herja. Vår gamle fiend sterk med alvor gjer sitt verk. Stor makt og mangfald list, det er hans våpen visst. På jord er ei hans like.

Med desse orda ønskjer eg dykk alt godt i ei veldig krevjande tid.

brydde eg meg ikkje! For då hadde dei fått sin sjanse! Ein god regel, som mange leiarar har mykje å læra av!

Før jul det året opplevde han noko spesielt. Ein av dei tilsette kom då til han og spurde: - Me lurar på om me skal gje deg ein blome til jul. Kva tykkjer du om det?

Per måtte svelgja både to og tre gonger for eit så dumt spørsmål, men roa seg og svarta: - Det er jo veldig hyggeleg om de meiner eg fortener det, men er det berre for å vera høflege kan de la det vera!

Soga fortel at han ikkje fekk nokon blome til jul.

Då Per slutta i jobben som sjukeheimsbestyrar etter fire år, var det fleire av dei tilsette som kom og beklaga seg for dette.

-Men kvifor sa de ikkje frå om dette før?, ville Per veta.

"Tale er sølv, tagnad er gull", heiter det visst i ordtaket. Men slett ikkje alltid!

Når det er sagt hadde Per mykje støtte i administrasjonen og den politiske leiinga i Vegårshei kommune, og det har han seinare funne ut er av svært stor verdi i alle dei jobbane han har hatt.

På fylkesplan var dei så nøgde med Pers nybrottsarbeid på Vegårshei at han endåtil vart innstilt til fylkets kulturpris det året han slutta.

Då han i 1985 vart landets første prostidiakon i Vest-Telemark prosti, kom hans erfaring med støtte i sentralt leiar-skap svært godt med.

For då han fekk det for seg at kontakt med dei to fengsla i området var viktig, tok han turen inn att til Oslo. Her oppsøkte han den legendariske politijurist Rolf B. Wegner, som på den tida var ekspedisjonssjef i Justisdepartementet. Han har vore både riksadvokatfullmektig og politimeister, og er mest kjent for tverrsoversløyfa som han alltid gjekk med. Wegner vart svært entusiastisk for Pers tankar om kyrkjjas diakonale nærvær i fengselsvesenet, og gav si fulle signing til dette.

Dei seks åra Per fekk i Vest-Telemark var i alle høgste grad eit nybrottsar-

beid, og det var nok ikkje alle som var like glade for at ein diakon gjekk inn og overtok delar av det arbeidet som prestane alltid hadde hatt "monopol" på. I så måte kan ein kan hende seie at Per Emanuelen fekk same betydning for diakonien som Hans Nielsen Hauge fekk for forkynninga - som på hans tid og var forbeholdt prestestand.

Men etter kvart fekk heldigvis pipa og prestekragen ein annan lyd!

I 2002 la det seg slik til rette at same stilling som prostidiakon vart oppretta i Otredal prosti. I byrjinga arbeidde Per i denne stillinga i 50 prosent, og seinare vart det 70 prosent. I skrivande stund har diakonitenesta vorte inndelt i Øvre Otredal og nedre Otredal, med 50 prosent i Bygland, Valle og Bykle, og 70 prosent i Evje og Hornnes, Iveland, Venesla Øvrebø, Hægeland og Åseral.

Per Emanuelen tok ein liten pause i 2014, då han vart prostidiakon i Aust-Nedenes prosti, men i 2019 tok han fatt att i Valle og Bykle, og frå hausten ifjor har og Bygland hekta seg på, slik at han no er 50 prosent prostidiakon i det me kallar "prostidiakonisamarbeidet i Øvre Otredal".

Formelt er han løna frå kyrkjekontoret i Bygland, men arbeidstida delar han jamt mellom dei tre øvste kommunane i dalen.

Per ser det som viktig å ha eit godt samarbeid med den administrative og



Per Emanuelen.

politiske kommuneleiinga. Han samarbeider godt med dei psykososiale kriseteama, med dei lokale diakoniutvala, og legg elles størst vekt på heimebesøk, samtalar, og å vera tilgjengeleg om nokon ønsker ein prat. Mobilnumm- et hans er 977 19173 .

Sundag 10.mai klokka 14 er det diakoniens dag i Sandnes kyrkje Åraksbø, og det ser me fram til!

-Korleis opplever du Setesdølen, spør eg, og tenker på folk flest her oppe.

-Det er så godt som det går an, og eg er så takksam for dei refleksjonane eg får dela i avisa, svarar han.

Det er då me skjønar at Setesdølen er både ei avis og eit folkeslag, og så ler me godt og lenge over å ha misforstått kvarandre ein liten augneblink.

Han ler i det heile tatt mykje, prostidia-konen vår.

Ikkje så rart forresten, at han vart i ekstra godt humør, når følgjande lesarinnlegg nett stod å lesa i Setesdølen:

"Takk til Per Emanuelen. Jeg vil takke Per Emanuelen for den kloke oppsummeringen han skriver under overskriften "Slipp takeet". Det er sjeldent, nesten aldri at noen skriver så klokt og innsiktsfullt om situasjonen som mange lever med i det daglige liv. Dette var, etter min mening et velskrevet innlegg som sier så mye at det beveger seg utover normalen av livsbetraktninger. Takk Per! Dette gir oss noe å tenke på".

Men han er og alvorleg når det trengs, ikkje minst i møte med menneske i naud.

I mange år har han ,samstundes med prostidiakonifunksjonen, hatt ansvaret for sorgrupper i Kristiansand kommune, og der dei som deltek er pårørende i samband med sjølv-mord.

Men sjølv det opplever Per som meningsfullt, kvar gong han lukkast i få dei det angår til å sjå at det er ein veg vidare og for dei.

Og kan henda er det slik at det er ein veg vidare for dei fleste av oss, ikkje minst når det ser som mørkast ut, og ein veit at no går det mot lysare tider!

# Årsrapport 2019

## Bygland sokn og Årdal sokn

### kyrkjelydane Bygland, Sandnes, Austad og Årdal

Frå og med 01.01.2020 vart Bygland og Årdal sokn slått saman, og det vart i samband med kyrkjevalet i 2019 vald eitt felles sokneråd for det nye Bygland og Årdal sokn.

Det nye soknerådet har difor vedtatt at ein allereie frå og med 2019 lagar ein felles årsrapport.

Eit dekkande uttrykk – og for arbeidsåret 2019 i Bygland og Årdal sokn - er stabile forhold, sjølv om ein over tid har registrert nedgang både i talet på gudstenester og oppslutnad om dei gudstenestene og samlingane som er. Det har likevel samla sett vore ei viss auke i oppslutnaden frå 2018 til 2019, noko som er kommentert nedanfor.

Trusopplæringsplanen har grunna sjukdom hos den førre trusopplæraren ikkje vorte skikkeleg realisert før frå hausten 2019 av. Bygland og Årdal sokn har eit samarbeid med Evje kyrkjekontor om felles trusopplærar, og der vårt sokn har fått tildelt ein ressurs på 10% stilling. Men no har den nye trusopplæraren Ann-Carina Rønaasen kome godt i gang, så i 2020 reknar me med å fullt ut få utnytta den ressursen me har gjort avtale om. Utgiftene til vår andel av trusopplærarstillinga vert i hovudsak løna av øyremerka tilskot frå Den Norske kyrkja.

Ein verdifull del av denne planen er framleis samarbeidet med skulen. Gudsteneste i samband med julehøg-tida står her sentralt. Det var ein skulegudstjeneste med Bygland skule før jul der alle elevane var med, og der alle klassane deltok med forskjellige innslag i gudstenesta.

I tillegg var 1.-3. klasse i kyrkja innom Bygland kyrkje i byrjinga av advents-

tida og fekk høyra jolebodskapen. Det same var tilfelle med 1.-2. klasse dagen før skulegudstenesta, og då var og born frå barnehagen med.

I 2019 var det og ei samling i Årdal kyrkje for 1.-3. klasse ved Byglandsfjord skule.

Frå hausten av har prostidiakon Per Emanuelsen igjen byrja å dekkja Bygland og Årdal sokn med sine tenester, og frå og med 01.01.2020 vert Bygland kyrkjekontor vertskontor for den nye felles prostidiakonitenesta i Bygland og Årdal, Valle og Hylestad og Bykle. Frå same tidspunkt vert diakonitenesta i dalen delt i Nedre Otredal og Øvre Otredal, og der me vert ein del av Øvre Otredal. Me trur dette vil vera ei god løysing som vil styrka den lokale innsatsen på dette viktige feltet.

I 2019 vart det totalt forretta 62 gudstenester med til saman 2.106 deltakarar. 38 av desse gudstenestene var gudstenester på sun- og heilag-dagar med til saman 1.671 deltakarar.

I 2018 vart det totalt forretta 64 gudstenester med til saman 1.817 deltakarar. 41 av desse gudstenestene var gudstenester på sun- og heilag-dagar med til saman 1.464 deltakarar.

Gjennomsnitt frammøte på alle gudstenester var dette året 34 mot 28 året før, medan gjennomsnittleg frammøte på sun- og heilagdagane var 44 mot 35 året før.

Ein god del av auken frå 2018 til 2019 skuldast høgare deltaking både på konfirmasjonsgudstenester, skulegudsteneste og julegudstenester, så gjennomsnittlig frammøte på dei ordinære gudstenestene er omtrent på same nivå som før.

Det vart forretta nattverd på 22 gudstenester med til saman 306 nattverd-gjester, som er 14 nattverd-gjester i gjennomsnitt pr gudsteneste. Dei tilsvarende tala for 2018 var 22 gudstenester med 331 nattverd-gjester, som gjev eit gjennomsnitt på 15 nattverd-gjester.

I desse tala ligg og inne nattverds-samlingar på Byglandsheimen.

Ein skal vera klår over at det er store svingingar i gudstenesteoppslutnaden, spesielt i Bygland kyrkje, så snitt-tala for talet på deltakarar gjev ikkje utan vidare eit heilt korrekt bilete av situasjonen.

Bygland kyrkje har i tillegg hatt 4 konsertar, Austad kyrkje 1 konsert/musikkmesse, og Sandnes kyrkje 1 jolekonsert med til saman 535 frammøtte. Dette gjev eit snitt på 89 deltakarar pr. arrangement.

Det vert stendig mindre presteressursar til sokna, grunna tronge økonomiske rammer i prostiet, og frå og med 01.01.2020 vert det berre gudstenester annakvar søndag i Bygland og Årdal sokn. Frå februar 2019 har Bygland delt sin presteressurs med Åseral. Det inneber i praksis ei halvering av den presteressursen som tidligare har vore i Bygland.

Denne gjennomgangen vedkomande gudstenestelivet i kyrkjelydane våre, gjev oss ein grei status og ei verdifull påminning om at me alle har ansvar for gudstenestelivet i kyrkjelydane. Den beste måten å forvalta dette ansvaret på er å ta del i gudsteneste-feiringa og vera med å utvikla gudstenestene våre til ein meningsfull plass i møte med kvarandre og Gud.

Oppslutnaden om dei kyrkjelege han-

dlingane er framleis stor på enkelte arrangement , sjølv om tala samla sett er små. Dette heng tildels saman med folketalsutviklinga i kommunen.

7 born vart døypte dette året, og 15 vart konfirmerte. Dei tilsvarande tala for 2018 var 7 døypte og 14 konfirmerte. I 2019 var det 7 gravferder, mot 18 året før.

I 2019 kom det inn kr. 73.834,- i takkoffer og kollektar. Av dette var kr. 11.009,- til eige arbeid i kyrkjelydane og kr. 62.825,- til ulike organisasjonar.

Bygland sokn gjorde i 2017 avtale om eit nytt misjonsprosjekt. Det er tale om eit skuleprosjekt i Kambodsja tilknytt Misjonsalliansen. Denne avtalen gjeld fram til 31.12.2021, og vert no vidareført som eit felles misjonsprosjekt for Bygland og Årdal sokn.

Prostidiakonen har gjort eit verdifullt arbeid i kyrkjelydane både gjennom tilbod om heimebesøk og ulike samtalegrupper. Det lokale diakoniatvalet har og vore i funksjon. Det har vore ei lokal oppfølgingsteneste knytt til dødsfall.

I høve til Trusopplæringsplanen har det vore utdeling av bøker til 2-åringar, 4-åringar, 6-åringar og 10-åringar i samband med ulike gudstener.

10-åringane fekk tilbod om å vera med på Lys våken som soknepresten i Bygland arrangerte i samarbeid med ein

komite lokalt i Evje. 11-åringane fekk tilbod om å vere med på arrangementet «Skattejakt i Evje Prestegard».

Dei var og invitert til arrangementet «Tårnagentar» i Hornnes kyrkje. Trusopplæraren hadde og eit arrangement for 2-3-åringar kalla «Sauen Krølle».

Minior på Vonheim på Bygland har vore eit tilbod til dei aller minste, men har hatt liten oppslutnad dei siste åra, og er no lagt ned. Stor takk til trufaste leiargar gjennom mange år.

Konfirmantarbeidet går frå haust til vår. Det melde seg 14 konfirmantar i haust. Dei får 10 dobbelttimar med undervisning av soknepresten. I tillegg er dei med på «Kick-off» i samarbeid med Evje og Hornnes konfirmantane. Då er det ein heil dag med ymse program med rafting og padling frå Syrtveit til Evjetun, og påfølgjande samling i Evje prestegard og avslutning i Evje kyrkje. Så er dei med på ein felles konfirmantleir ei helg på Knaben leirskule. Så deltek dei på ljosomesse anten i Bygland kyrkje eller i Årdal kyrkje. Konfirmantane er og med på fasteaksjonen og går frå dør til dør og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Før konfirmasjonen har dei ein samtalegudstenereste med ymse innhald. 2 gonger er det felles undervisning med Evje og Hornnes i Evje eller Hornnes kyrkje.

Det har vore andaktar på Byglandsheimen annan kvar veke, til stor glede for dei som bur der.

Soknerådet i Bygland og Årdal sokn er etter soknerådsvalet 8.-9.september 2019 samansett slik:

Arve Rauk, leiar  
Marit Taksdal, nestleiar  
Ånund Eldhuset  
Kari Aud Bakke Svenningsen  
Sigrid Greibrokk  
Guro Kvaale Skibsrud  
1.varamedlem er Stian Øina Vestøl

I 2019 hadde gamle Bygland sokneråd 5 møter saman med gamle Årdal sokneråd.

Det vart til saman handsama 24 saker.

I tillegg hadde dei gamle og det nye sokneråd ei felles samling 23.oktober, der det nye soknerådet konstituerte seg.

Det vart i same møte handsama 2 saker.

Soknerådet vil til sist takka alle for innsatsen i året som ligg bak. Takk til kyrkjelege medarbeidarar for trufast arbeid. Takk til Vonheimkoret for deltaking på gudstenerer og andre arrangement. Takk til alle andre som har stilt opp i ulike samanhengar. Me er og takksame for det arbeidet som vert utført kringom på bedehusa og ulik foreiningssamanheng elles. Saman er me Guds kyrkjelyd i Bygland sokn. Det er så vårt ynskje at kyrkjelydane våre kan få stå saman i denne viktige tenesta og i året som kjem og vera til velsigning.

Bygland kyrkjekontor, 06.02.2020

Olav Nilsen  
Kyrkjeverje  
(Sign)

Kjell Steinbru  
Sokneprest  
(Sign)

# Deg være ære

*Tekst: Edmond Louis Budry • Melodi: Georg Friedrich Händel*

Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se en engel kom,  
åpnet den stengte graven,  
Jesu grav er tom!

Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.

Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det; Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei.  
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg

Deg være ære,  
Herre over dødens makt  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt

Se, Herren lever! Salige morgenstund  
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger; Frelseren er her!  
Pris han, alle tunges, Kristus Herre er!

Deg være ære,  
Herre over dødens makt  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt



# Sprell levande-gudsteneste i Bygland kyrkje

*Tekst: Kjell Steinbru. Foto: Marja-Leena Steinbru*

I mange år har Tove Tveitå drive sundagsskulen Minior på Bygland. Men etter kvart måtte ho sjå seg nøydd til å innstille drifta av denne. Ein stor takk til det store arbeidet ho har lagt ned der.

Men vi har framleis hatt årvisse ofringar i kyrkjene våre til Sundagsskuleforbundet. Det har dei satt pris på. Og som ein takk for den støtta vi har gjeve dei, ønskte dei å kome på besøk og lage til ein «Sprell levande»-gudsteneste her hjå oss. Vi slo på stortromma for dette, og sende invitasjon til heile fire årskull med born.

Sjølv skulle eg vere prest i gudstenesta, men no spela eg berre ei underordna

rolle i denne. For no var det andre krefter som hadde det meste av gudstenesta. Frå sundagsskuleforbundet i Oslo kom Merete Føyen Arnevåg. Frå Agder krins kom Grete Askekjær. Og så var vår eigen trusopplærer, Ann-Carina Rønnaasen Reve med. Og sist, men ikkje minst frå Åraksbø kom Helene Hegenscheidt.

Det var forteljinga om Sakkeus som var det berande temaet i gudstenesta. Denne forteljinga vart formidla med eit flott skodespel. I gudstenesta var det også ei bønnevandring med fleire stasjonar. Den stasjonen som kanskje var den mest spanande var ved døypefonten. Der kunne ein legge papirlappar



*Grete Askekjær opnar skattekista for spente tilskuarar.*

i vatnet. Da dei kom i kontakt med vatnet bretta dei seg ut og så kom eit bibelvers til syne.

Det var også ei skattekiste med i gudstenesta. Det minner oss om noko Jesus sa: «Få dykk pengepungar som ikkje kan slitast ut, ein uforgjengeleg skatt i himmelen, der tjuvar ikkje kjem til og møll ikkje øydelegg».

Etter gudstenesta hadde soknerådet stelt til ein flott kyrkjekaffi på Vonheim. Her vart også kyrkjelydens årsmøte avvikla.



*Frå skodespelet. Etter å ha samtala med Jesus gjev den rike og staselege tollaren Sakkeus attende pengar til dei som han hadde teke for mykje av.*

## Gudsteneste i Sandnes kyrkje 2. februar

*Tekst: Kjell Steinbru. Foto: Knut Olav Upstad*

I gudstenesta i Sandnes kyrkje den 2. februar vart sonen til Anne Aakhus og Even Simensen døypt. Han har fått namnet Ketil. Ketil har ein stolt storebror som heiter Gisle. Hovudteksta i denne gudstenesta var frå Markus 2,1-12, om den lamme mannen som vart firt ned gjennom ei opning i taket, og like ned i fanget til Jesus. Her får han først sine synder tilgjeve, og etter det vart han også lækt av Jesus. «Då reiste mannen seg, tok straks båra si og gjekk ut framfor dei alle, så dei vart reint frå seg av undring».





# Fasteaksjonen 2020

*Fekst: Kjell Steinbru*



Den 31. mars skulle Fasteaksjonen gå av stabelen. Då skulle konfirmantane ha gått frå dør til dør og samle inn pengar til verdas naudlidande. Denne tradisjonelle Fasteaksjonen vert no digital. Det blir altså ingen dør-til-dør aksjon med konfirmantane i år. I staden blir det altså ein såkalla digital innsamlingsaksjon. Me vonar kyrkjelyden i Bygland støtter opp om denne.

## **Det finns fleire moglegheiter til å gje:**

- Den eine er ein innsamlingsaksjon direkte på Facebooksida til kyrkjelyden. Den finn de ved å gå inn på denne adressa: [www.facebook.com/Byglandskyrkjene](http://www.facebook.com/Byglandskyrkjene).

## **Andre moglegheiter er:**

- Vipps til 2426
- Sende ein SMS (tekstmelding) med kodeord VANN til telefonnummer 2426 (dette trekker automatisk 200 kr frå avsendaren sin mobilkonto)
- Betalingsfunksjon direkte på [www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)
- Bankkonto betaling til konto nr. 1594 22 87493.

Kirkens Nødhjelp arbeider med vatn, sanitær og hygiene (WASH) i langsiktige utviklingsprosjekt og akutte katastrofesituasjonar over hele verda. Målet er å sikre menneske tilgang til reint vatn, trygge sanitærforhold og å leggje til rette for god hygienep praksis i fattige og marginaliserte lokalsamfunn. I tillegg jobbar dei med å betre forvaltninga av vatn. Midlar frå fasteaksjonen går blant annet til dette arbeidet.

I 2018 har dei, saman med lokale partnerar, sikra tilgang til reint vatn for 1,5 millionar menneske. Ved å sikre tilgang til WASH-fasilitetar bidrar dei med å gje tilgang til grunnleggande rettigheter. Til dømes er det i hovudsak kvinner og unge jenter, gjerne i skulealder, som har ansvar for å hente vatn til familien. Mange jenter droppar av denne grunn ut av skulen fordi dei må gå timesvis kvar dag for å hente vatn.

Manglande tilgang til trygt vatn utsett også menneske, spesielt born og menneske med svekka immunsystem, for overførbare sjukdomar som diaré og tyfoidefeber. Dette er ofte eit spørsmål om liv eller død. I dag forårsakar uhygieniske forhold at 1.8 millionar born døyr på grunn av diaré og andre sjukdommar forårsaka av ureint vatn.



Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

#### Gudstenestelista

Vi presenterer denne gudstenestelista i Kyrkjebladet vel vitande om at mange av gudstenestene framover vil bli avlyst. Men på det noverande tidspunkt veit ingen når vi kan taka til med normal drift igjen i kyrkja. Vi har samtale med konfirmantane og dei føresette om å avvikle konfirmasjonane i august og september. Det vil framleis bli avvikla dåp, vigslar og gravferder. Men på desse arrangementa vil det vere avgrensing på kor mange som kan vere til stades i kyrkja. Vi ber dykk følgje med i lokalavisa og på kyrkjelyden si Facebookside og på heimesida. På desse sidene vil det bli lagt ut mykje anna informasjon også. Her er helsing frå biskopen og andakter og betraktningar som det kan vere fint å få med seg i desse vanskelege tider.

#### Facebook:

[www.facebook.com/Byglandskyrkjene/](http://www.facebook.com/Byglandskyrkjene/)

**Heimesida:** [www.kirken.bygland.no](http://www.kirken.bygland.no)

#### 5. april. Palmesundag

Hovatn ved Åraksbø kl. 12:00. Hovatngudstenesta. Preiketekst: Johannes 12,12-24: «Jesus rid inn i Jerusalem».

#### 9. april. Skjærtorsdag

Årdal kyrkje kl. 18:00. Gudsteneste. Preiketekst: Matteus 26,17-30: «Det siste måltidet».

#### 11. april. Påskekvelden

Austad kyrkje kl. 19:00. Påska i ord og tonar.

#### 12. april. Påskedagen

Bygland kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste. Preiketekst: Lukas 24,1-9. «Jesus står opp».

#### 26. april. 3. søndag i påsketida

Bygland kyrkje kl. 16:00. Samtalegudsteneste med konfirmantane. Preiketekst: Joh 10,11-18: «Den gode gjeta».

#### 10. mai. 5. søndag i påsketida

Sandnes kyrkje kl. 14:00. Gudsteneste. Diakonien dag. Per Emanuelen deltek. Preiketekst: Johannes 15,1-8: «Det sanne vintreet». Dåp.

#### 17. mai

Årdal kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste. Preiketekst: Salme 127,1-3: «Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene fåfengt».

#### 23. mai. Laurdag

Austad kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjons-gudsteneste. Dåp. Preiketekst: Johannes 15,26-27 «Når Talsmannen kjem».

#### 31. mai Pinsedagen

Bygland kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjons-gudsteneste. Preiketekst: Johannes 20,19-23: «Jesus syner seg for lærer-veinane».

#### 7. juni Treeiningssøndag

Årdal kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjons-gudsteneste. Preiketekst: Matteus 28,16-20: «Dåpsbefalinga».

#### 21. juni. 3. søndag i treeiningstida

Tveitå på vestsida av Byglandsfjorden kl.12:00. Friluftsgudsteneste. Preiketekst: Lukas 14,15-24: «Det store gjestebodet».

#### 12. juli. Aposteldagen

KVS Bygland kl. 11:00. Gudsteneste. Preiketekst: Lukas 5,1-11. «Peters fiskefangst».

#### 19. juli. 7 søndag i treeiningstida

Austadneset kl.12:00. Friluftsgudsteneste. Preiketekst: Lukas 15,1-10: «Sauen som vart attfunnen».

#### 29. juli Olavsdagen/Olsok

Sandnes kapell kl. 18:00. Gudsteneste. Preiketekst: Johannes 12,24-26: «Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn».

## ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



### Dåp

29. desember: Austad kyrkjegardskapell: Aslak Lauvdal Austad.

2. februar: Sandnes kyrkje: Ketil Aakhus.

### Døde

Targerd Lauvdal, fødd 02.05.1936, død 12.02.2020  
Enrique Emilio Arriagada Lopez, fødd 05.03.1950, død 04.01.2020  
Tora Gautland, fødd 07.01.1934, død 06.01.2020

## Konsert med Country-Gospel-gruppa "High Road"

Tysdag 11.august vert det konsert med desse fire amerikanske jentene i Bygland kyrkje.

Me kjem attende med detaljert program seinara, men set av datoen og kvelden allereie no!

Konserten er i samarbeid med Skjærgårdssang.



## To gode opplevingar

*Tekst: Svein Kleivane*

Først var det 3. og 4.klasse frå Bygland skule som ba om omvisning og orientering i Bygland kyrkje.

Dette var som ein del av samfunnsfaget - eller kva det no heiter no til dags.

Ein lystig, nyfiken og interessert gjeng. Mange spørsmål om både jordnære, åndelege og symbolske tema blei drøfta og svara på så godt det let seg gjere. Høydepunktet for mange var nok turen opp i tårnet, og ei varsom prøveringing med kyrkjeklokkene midt i veka. Midt på føremiddagen!

Så var det konfirmantane med eit liknande opplegg nokre dagar seinare. Saman med presten vår, Kjell Steinbru.

Ein herleg ungdomsgjeng med mange spørsmål og synspunkt.

Som ein godt vaksen ( 72 år ) klokkar og kyrkjjetenar er det stort å møte ungar og ungdom med ei så eineståande framferd.

Ikkje kadaverdisiplin, men ein naturleg respekt i møte med Guds hus og livets store spørsmål.

Eg lærde i all fall at å møte barn og unge med eit åpent sinn istaden for kritikk av allslags moderne visvas, gav meg noko å tenkje på og takke for.

Vi har ei oppvaksande slekt me kan vere stolte av i kyrkjelyden vår.



*Bygland kyrkje i vinterdrakt. Foto: Knut Olav Uppstad.*

## Friluftsmessa ved Hovatn

## Påska i ord og tonar i Austad kyrkje, Tveit

*Tekst: Svein Kleivane og Knut Gakkestad*

Som virustilhøva er i skrivande stund, er det kan hende lite truleg at desse samlingane let seg gjennomføre.

Underteikna, som røynde skogskarar og brøytesjåførar, er godt kjende med å hive seg rundt etter veir, føre, virus og anna styggedom.

Så dersom ting endrar seg fram mot påske, er me parat til å trø til på kort varsel.

I så tilfelle vert det kunngjort i "Setesdølen" og sosiale media.

### Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Bygland kommune: .....37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

#### Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: .....473 28 472  
E-post:  
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

#### Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: .....982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

#### Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Arve Rauk  
Mobil: 464 74411  
E-post: arve.rauk@gmail.com

#### Nestleiar:

Marit Taksdal  
Mobil: 414 02881  
E-post: taksdal@agder.no

#### Tilsette

##### Organist

Britt Haugen .....472 33 165  
Hans Jurgen Wiehe .....915 47 804  
Knut Olav Uppstad (eige firma)  
Mobil: .....400 41041  
Mail: uppstad@gmail.com

#### Klokkar og kyrkjjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad .....948 80 383

#### Kyrkjjetenar, Årdal

Tore Moseid. ....462 39056

#### Kyrkjjetenar og klokkar, Bygland

Kim Andre Thorstensen . . .984 69 989  
Svein Kleivane .....977 74 321

#### Kyrkjjetenar, Austad

Tore Moseid .....462 39 056

#### Klokkar, Austad

Svein Kleivane .....977 7 4321  
Knut Gakkestad .....948 80 383

#### Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034  
Marie Bue (Bygland) . . . . .482 10 259  
Magdalena Bloch  
(Sandnes) .....912 56159  
Therese Gautestad  
(Austad) .....901 94676

#### Prostidiakon

Per Emanuelen .....977 19173  
Mail: pe-em@online.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



***Vintermorgon over Dalebukta***  
***Foto: Olav Nilsen***